

TA 2020/24 MUNKEGATA 17

Arkeologisk overvaking i samband med graving for riving og gjenoppbygging av bakgårdsfløy, Munkegata 17, Trondheim kommune

Tidemansen, Kjersti





| | | |
|--|---|---------------------------------|
| Tittel TA 2020/24 Munkegata 17 Arkeologisk overvaking i samband med graving for riving og gjenoppbygging av bakgårdsfløy, Munkegata 17, Trondheim kommune | Rapporttype/nummer NIKU Oppdragsrapport 57/2022 | Publiseringsdato 02.06.2022 |
| | Prosjektnummer 1021829 | Oppdragstidspunkt 18.05.2020 |
| | Forsidebilde Tiltaksområdet i bakgården til Munkegata 17. Foto: NIKU. | |
| Forfatter(e) Tidemansen, Kjersti | Sider 16 | Tilgjengelighet Åpen |
| | Avdeling Arkeologi | |

| |
|--|
| Prosjektleder Kjersti Tidemansen |
| Prosjektmedarbeider(e) Synne Husby Rostad |
| Kvalitetssikrer Ann Kathrin Jantsch |

| |
|--|
| Oppdragsgiver(e) Munkegata 17-19 AS |
|--|

| |
|---|
| Sammendrag I samband med gravearbeid for riving og gjenoppbygging av ein bakgårdsfløy i Munkegata 17 var det gjennomført ei arkeologisk overvaking av gravearbeidet på tomta. Det vart påvist intakte, etterreformatoriske kulturlag i den austre profilen av tomta. Profilane ellers og tomta bestod av omrota kulturlag eller moderne massar/mur. Det vart ikkje påvist automatisk freda kulturlag på tomta. |
|---|

| |
|--|
| Emneord mellomalderby, arkeologisk overvaking, Trondheim, Munkegata, etterreformatorisk |
|--|

Avdelingsleder

Lise-Marie Bye Johansen

Innhald

| | | |
|-----|-------------------------------------|----|
| 1 | Innleiing | 7 |
| 2 | Tiltaket sitt omfang | 7 |
| 3 | Historikk og problemstillingar..... | 7 |
| 3.1 | Problemstillingar | 9 |
| 4 | Metode og gjennomføring..... | 9 |
| 5 | Resultat..... | 10 |
| 5.1 | Nord-sørgåande profil..... | 11 |
| 5.2 | Nordvest-nordaugåande profil | 12 |
| 5.3 | Sørvest-søraust-gåande profil | 12 |
| 6 | Oppsummering og konklusjon..... | 13 |
| 7 | Litteratur..... | 14 |
| 8 | Vedlegg: Askeladden..... | 15 |

Figurliste

| | | |
|----------|--|----|
| Figur 1. | Utsnitt av situasjonsplan over Munkegata 17 utarbeidd av Skibnes arkitekter AS. Tiltaksområdet er markert med raudt. | 7 |
| Figur 2. | Tiltaksområdet markert med raud stjerne plassert i Øivind Lunde si plansje over gatenettet i Trondheim i 1670-åra basert på Berg sin rekonstruksjon. Målestokk 1:5000. Teikna av: Lunde/Brzozowski. Utsnitt henta frå Lunde 1977, plansje II. | 8 |
| Figur 3. | Arealet til den nedrivne bakgårdsfløyen i Munkegata 17. Foto: NIKU. | 10 |
| Figur 4. | Utsnitt av kart frå Askeladdendatabasen med undersøkingsområdet i Munkegata 17 markert med rosa. Kartgrunnlag: Kartverket. | 11 |
| Figur 5. | Den nord-sørgåande profilen sett mot nordaust. Profilen inneheld i hovudsak intakt, etterreformatorisk kulturlag. 1 m målestokk. Foto: NIKU. | 11 |
| Figur 6. | Den nordvest-nordaugåande profilen sett mot nord. Profilen bestod av omrota massar av kulturlag, sand og teglsteinar. Med 1 m målestokk. Foto: NIKU. | 12 |
| Figur 7. | Den sørlege profilen sett mot sør. Den består av tørrmur, omrota massar av kulturlag og grusblanda sand. Lengst aust er det omrota kulturlag. Med 1 m målestokk. Foto: NIKU..... | 13 |


1 Innleiing

Sivilarkitekt Onar Botten søkte 12.02.2020 på vegner av Munkegata 17-19 AS Riksantikvaren om dispensasjon frå Lov om kulturminne av 9. juni 1978 (kml) for inngrep i automatisk freda kulturminne id. 90288 Mellomalderbyen Trondheim. Riksantikvaren mottok søknad av 12.02.2019. NIKU Distriktskontor Trondheim mottok førespurnad frå Riksantikvaren 20.02.2020 (20/02316-2) om tilråding og utarbeiding av prosjektplan og budsjett for arkeologiske undersøkingar. NIKU rådde i brev av 09.03.2020 (NIKU-ref.: 74 554.31 KT) Riksantikvaren til å gje dispensasjon frå kulturminnelova § 8, første ledd, med vilkår om arkeologisk overvaking av alt gravearbeid, samt dokumentasjon. Prosjektplan og budsjett var oversendt same dato.

Riksantikvaren fatta vedtak om dispensasjon frå kml 19.03.2020 (20/02316-5).

2 Tiltaket sitt omfang

Tiltaket omfatta graving i samband med riving og gjenoppbygging av ein bakgårdsfløy i bakgården til Munkegata 17 (fig. 1). Det var behov for frostsikring og fundamentering under bygningen. Opphavelag omsøkt gravedjupne var på 0,5 meter på eit areal på 3,1 x 5,8 meter, som dekte grunnflata til bygningen og ein meter ut frå vegglivet på tre sider. Sivilarkitekt Onar Botten opplyste til NIKU i etterkant av søknaden at behovet berre var på 0,4 meter gravedjupne.



Figur 1. Utsnitt av situasjonsplan over Munkegata 17 utarbeidd av Skibnes arkitekter AS. Tiltaksområdet er markert med raudt.

3 Historikk og problemstillingar

Tiltaksområdet i Munkegata 17 låg innanfor det automatisk freda kulturminnet Mellomalderbyen Trondheim, Askeladden-ID: 90288. Området er i dag ein del av kvartalet Munkegata-Munkhaugveita-Schultz gate-Presidentveita. Dette området ligg vest-sørvest for det kjende kjerneområdet for busettinga i mellomalderbyen. Det er tidlegare dokumentert varierende bevaringsgrad og djupner på

kulturlag innanfor kvartalet. Høgde på naturleg undergrunn varierer også (TA 1985/12; TA 1997/15; TA 2002/06; TA 2005/08; TA 2007/24).

I sjølve bakgården til Munkegata 17 har det tidlegare ikkje vore utført arkeologiske undersøkingar, men i nærområdet mot aust. Der har det vore påvist godt bevarte kulturlag 1 meter under overflata (TA 2007/24). I eldre undersøkingar i same område er det dokumentert sju fasar med trekonstruksjonar datert til 1000/1100-talet og 1200-talet. Yngre kulturlag inneheld keramikk frå 1600-talet (TA 1985/12).


Resultat frå arkeologiske undersøkingar på Torget, Munkhaugveita, Presidentveita og i bakgårdsområdet aust for tiltaksområdet tydar på at Munkegata 17 ligg i ein overgang mellom eit dyrking- og handverksområde i utkanten av mellomalderbyen i vest til busettingsområde i aust.

Tidlegare undersøkingar viser også at det har vore førhistorisk aktivitet tett opp til tiltaksområdet. Busetting og andre aktivitetsspor strekkjer seg langt attende i tid på og ved Torget. Slike spor er datert til merovingartid (570 – 800 e.Kr.) og vikingtid (800-1050 e.Kr.) ved Munkegata 19. Lengre nord på Torget har ein dateringar til romartid (0-400 e.Kr.) (Cadamarteri pers. medd.).

Fossile dyrkingsspor kring Torget går attende til 900-talet. Det tidlege åkerbruket kan truleg settast i samband med eit veietablert gardssamfunn på Nidarneset. Frå seinare periodar kjenner ein også til at åkerbruk i same område knyter seg til mellomalderbyen og fram til 1600-talet (Reed og Cadamarteri 2018:18-19).

Frå seinmellomalderen på 14 -1500-talet er det kjend metallverkstadar på Torget. Ein etablert busetnad kom fyrst på 15-1600-talet (Cadamarteri ibid.).

Munkegata vart oppretta etter bybrannen i 1681 etter Cicignon sin byplan og ved kongeleg approbasjon (Trondheim byleksikon 2008:365). Dagens Munkegata 17 ligg i eit gatekryss mellom dei tidlegare gatene Munkhauggata mot nord, Smidesgjeilan i søraust-vest og Øvre Gjeilan i sør (fig. 2) etter Henry Berg sin rekonstruksjon av gatenettet i Trondheim i 1670-åra (Lunde 1977 plansje II).



Figur 2. Tiltaksområdet markert med raud stjerne plassert i Øivind Lunde si plansje over gatenettet i Trondheim i 1670-åra basert på Berg sin rekonstruksjon. Målestokk 1:5000. Teikna av: Lunde/Brzowski. Utsnitt henta frå Lunde 1977, plansje II.

Munkhauggata forsvann i omreguleringa i 1681. Øvre Geilan gjekk frå domkyrkjegarden i sør til Smidesgeilan i nord, og etter Berg sin rekonstruksjon låg gata i den austre kanten av dagens Munkegata (Trondheim byleksikon:366-638). Dersom det stemmer at Munkhaugveita i hovudsak har fylgd den tidlegare Smidesgeilan, var det ei moglegheit for å treffe på den tidlegare Munkhauggata i

tiltaksområdet. Det er truleg delar av Munkhauggata som er påvist i Presidentveita og i Kongens gate, men utan at ein har sikker datering av gateløpet (Cadamarteri pers. medd.).

3.1 Problemstillingar

Med utgangspunkt i dei kjende arkeologiske forholda nemnt ovanfor, og Riksantikvaren sitt faglege program for mellomalderarkeologi (Johannessen og Eriksson 2015:177-179), vart desse problemstillingane formulert for den arkeologiske overvåkinga:

Utbreiing av kulturlag og nivå på naturleg undergrunn: Kan det påvisast automatisk freda kulturlag i tiltaksområdet, kor stor utstrekning har desse og kor godt er dei bevart? I tillegg vil det vere av interesse å dokumentere djupna på naturleg undergrunn i tiltaksområdet.

Pre- og tidlegurbane fasar: I nærområdet kring Torget og Munkegata er det tidlegare funne førhistoriske strukturar. Kan ein også finne dette i bakgården til Munkegata 17?

Byen som produksjons- og omsetningsstad for produkt frå utmarka: På Torget er det dokumentert metallverkstadar, og gatenamnet Smidesgeilan knytter seg også til slik aktivitet. Kan ein finne spor etter metallhandverk eller andre typar handverk i Munkegata 17?

Materiell kultur i byen i overgangen seinmellomalder - tidleg etterreformatorisk tid: Kan ein påvise arkeologisk aktivitet i overgangsperioden kring reformasjonen, og kva for type aktivitet? Er det mogleg å finne restar av Munkhauggata, og kor langt attende i tid strekkjer denne seg?

4 Metode og gjennomføring

Etter riving av bakgårdsfløyen vart tomteområdet grave opp med gravemaskin, og gravearbeidet vart arkeologisk overvaka. Prosjektleiing og utgravingsleiing frå NIKU var Kjersti Tidemansen. Gravemannskapet var frå BN Entreprenør AS.

Storleiken på tiltaksområdet var 2,6 x 4,5 meter. Området vart målt inn manuelt med utgangspunkt i den ståande bygningen. Det var ikkje mogleg å få inn signal til CPOS.

Den arkeologiske overvåkinga av gravearbeidet og dokumentasjonen av dei arkeologiske forholda vart utført 18.05.2020.


Prosjektet er registrert i Askeladden med prosjektnummer 443.



Figur 3. Arealet til den nedrivne bakgårdsfløyen i Munkegata 17. Foto: NIKU.

5 Resultat

Det gravde tiltaksområdet utgjorde eit rektangulært område på 2,6 x 4,5 meter (fig. 3-4). Gravedjupna var ca. 0,4 meter, og det vart grave gjennom omrota massar. Den arkeologiske overvåkinga har resultert i påvising av omrota kulturlag og intakt, etterreformatorisk kulturlag i tre profiler på tomtearealet. Den fjerde profilen i vest er grunnmur til den ståande bygningen. Det vart ikkje påvist automatisk freda kulturlag eller strukturar.



Figur 4. Utsnitt av kart fra Askeladdendatabasen med undersøkingsområdet i Munkegata 17 markert med rosa. Kartgrunnlag: Kartverket.

5.1 Nord-sørgående profil

Profilen bestod av i hovedsak intakt etterreformatorisk kulturlag av gråbrun humushaldig sand med litt grus og småstein. Kulturlaget inneholdt raud og gultegl, dyrebein, krittpepfragment, kol og sot.



Figur 5. Den nord-sørgående profilen sett mot nordaust. Profilen inneheld i hovudsak intakt, etterreformatorisk kulturlag. 1 m målestokk. Foto: NIKU.

Intakte, etterreformatoriske kulturlag tydar på at intakte, eldre kulturlag kan vere til stades i denne bakgården.

5.2 Nordvest-nordøstgåande profil

Profilen bestod av omrota massar av kulturlag, sand og teglsteinar frå fundamentet til det nedrivne bakgårdsbygget.



Figur 6. Den nordvest-nordøstgåande profilen sett mot nord. Profilen bestod av omrota massar av kulturlag, sand og teglsteinar. Med 1 m målestokk. Foto: NIKU.

5.3 Sørvest-sørøst-gåande profil

Profilen sør på det utgravde arealet bestod av grunnmur til kjellarnedgang (tørrmur), omrota massar av kulturlag og grusblanda sand. Lengst mot aust var det omrota kulturlag.



Figur 7. Den sørlege profilen sett mot sør. Den består av tørrmur, omrota massar av kulturlag og grusblanda sand. Lengst aust er det omrota kulturlag. Med 1 m målestokk. Foto: NIKU.

6 Oppsummering og konklusjon

I samband med gravearbeid for riving og gjenoppbygging av bakgårdsfløy i Munkegata 17 er det gjennomført ei arkeologisk overvaking av gravearbeidet. Det gravde tomtearealet utgjorde 2,6 x 4,5 meter, og det var grave ned til ca. 0,4 meter djupne. Overvakinga var utført 18.05.2020.

Munkegata 17 ligg i eit område som truleg utgjer ein overgang mellom det bebygde kjerneområdet av mellomalderbyen mot aust, og åkrar og handverksområde mot vest. Det er tidlegare ikkje utført arkeologiske undersøkingar i bakgården, men i området lengre aust der det er påvist godt bevarte, intakte kulturlag og fasar av trekonstruksjonar som går attende til 1000/1100-talet og 1200-talet.

Under den arkeologiske overvakinga vart det ikkje påvist intakte automatisk freda kulturlag eller strukturar. Det var omrota kulturlag i nord, og i sør bestod profilen av grunnmur og omrota massar. I den nord-sørgåande profilen i aust var det i hovudsak intakt, etterreformatorisk kulturlag. Det er difor ei moglegheit at eldre, intakte kulturlag kan vere til stades i denne bakgården.

7 Litteratur

Johannessen, Live; Jan-Erik G. Eriksson 2015: *Faglig program for middelalderarkeologi. Byer, sakrale steder, befestninger og byer*. Riksantikvaren 2015.

Lunde, Øivind 1977: *Trondheims fortid i bygrunnen*. Adresseavisens forlag, Trondheim. Plansje II.

Trondheim byleksikon. Bratberg, Terje T.V. (red.) 2008. Kunnskapsforlaget, Oslo. S. 365-488.

Bergkvist, U. 1985: Innberetning. Provgрівning för kulturhus vid Schultz gate/Munkhaugveita, Trondheim. TA 1985/12. Upublisert arkivrapport. Riksantikvaren sitt arkiv.

McLees, Chris 2005: Munkhaugveita. Reparasjon av avløpsledning i Munkhaugveita ved Munkhaugveita 7. TA 2005/08. NIKU distriktskontor Trondheim. NIKU sitt arkiv.

Petersén, Anna Helena 2007: Kvartalet Schultz gate – Munkhaugveita – Munkegata – Presidentveita (Gnr.Bnr. 400/102, 129), Trondheim kommune, Sør-Trøndelag. Arkeologisk forundersøkelse (tilstandsvurdering av kulturlag) i forbindelse med forslag til ny reguleringsplan. TA 2007/24. Rapport Arkeologiske utgravninger Trondheim. NIKU sitt arkiv.

2009: Arkeologisk overvåking i forbindelse med reparasjon av ventil på hovedvannledning i kum ved Munkegata/Presidentveita, Trondheim. TA 2009/30. NIKU oppdragsrapport nr. 229/2009. NIKU sitt arkiv.


Reed, Ian W. 1997: Graving for utbedring av vannlekkasje ved Munkhaugveita 3. TA 1997/15. NIKU distriktskontor Trondheim prosjekt nr. 22216. NIKU sitt arkiv.

2002: Overvåking/forundersøkelse i forbindelse med riving av bensinstasjon i Munkhaugveita 3 - 5. TA 2002/06. NIKU distriktskontor Trondheim prosjekt nr. 22225000. NIKU sitt arkiv.

Reed, Ian; Julian Cadamarteri 2018: Prosjektbeskrivelse for arkeologiske undersøkelser i forbindelse med teknisk infrastruktur, byggetrinn 2, Torget, Trondheim. NIKU prosjektnummer 1021273.

Munnleg kilde: Julian Cadamarteri, NIKU.

8 Vedlegg: Askeladden



Norsk institutt for kulturminneforskning er et uavhengig forsknings- og kompetansemiljø med kunnskap om norske og internasjonale kulturminner.

Instituttet driver forskning og oppdragsvirksomhet for offentlig forvaltning og private aktører på felter som by- og landskapsplanlegging, arkeologi, konservering og bygningsvern.

Våre ansatte er konservatorer, arkeologer, arkitekter, ingeniører, geografer, etnologer, samfunnsvitere, kunsthistorikere, forskere og rådgivere med spesiell kompetanse på kulturarv og kulturminner.

www.niku.no

NIKU Oppdragsrapport 57/2022

NIKU hovedkontor
Storgata 2
Postboks 736
Sentrum
0105 OSLO
Telefon: 23 35 50 00

NIKU Tønsberg
Farmannsveien 30
3111 TØNSBERG
Telefon: 23 35 50 00

NIKU Bergen
Dreggsallmenningen 3
Postboks 4112
Sandviken
5835 BERGEN
Telefon: 23 35 50 00

NIKU Trondheim
Kjøpmannsgata 1b
7013 TRONDHEIM
Telefon: 23 35 50 00

NIKU Tromsø
Framsenteret
Hjalmar Johansens
gt. 14
9296 TROMSØ
Telefon: 77 75 04 00